

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
109/16	Formannskapet	PS	01.09.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/6214

## Innbetaling av ny aksjekapital i Sambandet Vest 2015 - 2017

### Vedlegg:

Innbetaling av ny aksjekapital for årene 20152017 (L)(117907)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune betaler inn totalt kr 206.250,- i ny aksjekapital til Sambandet Vest i samsvar med vedtak frå generalforsamling frå juni 2014.
2. Midlane til aksjekapital vert å hente frå disposisjonsfondet.
3. Vedtaket om innbetaling av ny aksjekapital i punkt 1 erstattar vedtak om driftstilskot på kr 189.444 som blei vedtatt i kommunestyresak 24/15.

### Formannskapet - 109/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

1. Lindås kommune betaler inn totalt kr 206.250,- i ny aksjekapital til Sambandet Vest i samsvar med vedtak frå generalforsamling frå juni 2014.
2. Midlane til aksjekapital vert å hente frå disposisjonsfondet.
3. Vedtaket om innbetaling av ny aksjekapital i punkt 1 erstattar vedtak om driftstilskot på kr 189.444 som blei vedtatt i kommunestyresak 24/15.

**Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

Sambandet Vest AS blei etablert 19. august 2010 med formål om å realisere infrastruktur knytt til tverrsambandet mellom kommunane Øygarden, Meland, Askøy og Radøy. Aksjonærar frå starten var kommunane Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Radøy, Austrheim og Lindås. I tillegg var selskapa Framo Engineering, Frank Mohn og BKK AS med som aksjonærar. Aksjekapital ved oppstart var kr 1 mill, i tillegg gav Askøy kommune eit lån på 1,222 mill. Aksjekapital og lån har vore brukt til eit forprosjekt for å realisere eit vegsamband mellom Askøy Nord og Radøy, samt med eit ferjesamband mellom Askøy-Øygarden.

I 2013 trakk tre av eigarkommunane, Bergen, Fjell og Sund, seg ut av selskapet. På generalforsamling i juni 2013 blei aksjekapitalen vedtatt nedskrive til kr 0,- og ny aksjekapital på kr 1,6 mill blei teikna. Lindås kommune vedtok å betale inn sin del på kr 112.500 i kommunestyresak 90/14. I tillegg ba styret i Sambandet Vest i 2014 om eit driftstilskot frå eigarane i perioden 2015 – 2017. For Lindås kommune var dette driftstilskotet på kr 63.281 per år i perioden 2015 – 2017, totalt kr 189.444. Driftstilskotet blei vedtatt innbetalt til Sambandet Vest i kommunestyresak 24/15, og i 2015 vart det utbetalt 68.750 kr i driftstilskot (basert på brev frå Sambandet av 18.09.2015).

På generalforsamling i Sambandet Vest AS i 2014 vart det tatt ei avgjerd om å auke aksjekapitalen med kr 1,5 mill, der Lindås kommune sin del av dette er kr 206.250,-. Lindås kommune mottar ikkje ei formell henvending frå Sambandet Vest AS på dette før 18.09.2015.

**Vurdering:**

Lindås kommune har i dag 22 aksjar i Sambandet Vest AS. Kommunen har utbetalt aksjekapitalen på kr 112.500 som blei vedtatt på generalforsamlinga i juni 2013 og i kommunestyresak 90/14. Kommunen har ikkje utbetalt driftstilskotet for 2016 som blei vedtatt i sak 24/15, dette på grunn av at kommunen ikkje har mottatt krav frå Sambandet Vest. Kommunen har heller ikkje utbetalt ny aksjekapital vedtatt på generalforsamling i juni 2014, då dette ikkje kom formelt til kommunen før i september 2015. Det har vore noko uklart for administrasjonen kva vedtak i Sambandet Vest som har vore gjeldande. Etter ein dialog med selskapet har ein kome fram til at Lindås kommune skal betale inn ny aksjekapital på kr 206.500 for åra 2015 – 2017, vedtatt på generalforsamling i 2014. I tillegg er det avklart med Sambandet Vest at Lindås kommune ikkje skal betale driftstilskotet på kr 189.444 (63.281 per år for 2015, 2016 og 2017, sak 24/15). Rådmannen rår til at Lindås kommune betalar ut kr 137 500 og at kr 68 750 som vart utbetalt som driftstilskot i 2015 vert overført til aksjekapital. Dette gjer ein samla innbetalt aksjekapital på kr 206 250. Lindås kommune er kjent med at kr 68 750 som vart utbetalt som driftstilskot til sambandet vest ikkje er nytta som driftstilskot og står avsett i rekneskapen til Sambandet Vest. Rådmannen rår til at kr 137 500 vert henta frå disposisjonsfondet.